

Frivilligsentralen i Radøy
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

12/2918

10.02.2015

Statstilskot for 2015 - tilskotsbrev

Vi viser til mottatt søknad og rapport.

Kulturdepartementet tildeler med dette Frivilligsentralen i Radøy eit tilskot for 2015 på

kr 330 000.

Formålet med tilskotet er å støtte opp under drift av frivilligsentralen, jf. omtale under kap. 315, post 71, Prop. 1 S (2014–2015) for Kulturdepartementet.

Driftstilskotet føreset at sentralen har ein dagleg leiar i 100 pst. stilling, og at det er minimum 40 pst. lokal finansiering ut over statstilskotet, jf. opplysningar i søknaden. Driftstilskotet skal nyttast til å dekkje deler av utgiftene til løn for dagleg leiar av frivilligsentralen.

49 frivilligsentralar mottok i tillegg ein kompensasjon for arbeidet til dagleg leiar som nettverksleiar i 2015, jf. oversikt på regjeringen.no. Kompensasjonen utgjer kr 20 000, med unntak for dei fire nordligaste fylka der kompensasjonen er kr 30 000.

Statstilskotet vert utbetalt til konto nr. 3636 07 00776.

Det skal kome tydeleg fram av årsrekneskap korleis løn til daglig leiar vert finansiert, og kor mykje lokal finansiering sentralen har. Årsrekneskapen skal vere underteikna av frivilligsentralens styre/leiing. Det er ikkje krav om at rekneskapen skal vere bekrefta av revisor.

Årsrapport og dokumentasjon av faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden og

berekninga av tilskotet, skal oppbevarast lokalt og vere tilgjengeleg for kontroll, jf. § 10 2.ledd i løyvingsreglementet som Stortinget har vedteke.

Dersom det i ettertid viser seg at tilskotet ikkje er nytta til det gitte formålet, kan departementet krevje heile eller delar av tilskotet tilbakebetalt. Dersom frivilligsentralen har motteke tilskot på grunnlag av urette opplysningar, kan dette i særlege tilfelle råkast av føresegnene i straffelova §§ 270-271.

Den digitale rutinen for søknad og rapportering som er utvikla for tilskot til frivilligsentralar skal nyttast. Det vil vere ope for pålogging frå 1. mai til 1. juli via lenka:
<http://www.lottstift.no/frivsentral>.

Dagleg leiar eller namngitt representant frå styret/eigar må:

- kontrollere registrerte opplysningar om frivilligsentralen
- bekrefte at tilskotet er nytta i tråd med føresetnadene i tilskotsbrev
- bekrefte at årsrekneskapen er utarbeidd i tråd med føresetnadene i tilskotsbrev
- gi ein kort omtale av hovudaktivitetane til frivilligsentralen

Frist for innlevering av søknad for 2016 med rapport for 2014 er 1. juli 2015.

Med helsing

Gro Paudal (e.f.)
avdelingsdirektør

Glenn Greenberg
rådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan signatur.